



FELLESKRISTEN
KOMITÉ FOR
MOSTER 2024

Til alle kyrkjelydar og forsamlingar i Sunnhordland og Haugalandet!

Då pinsedagen hadde komme, var dei alle
samla på same stad med samstemt sinn.
Apgj. 2:1 (BGO 17)

No nærmar det seg Pinse og 1000-årsmarkeringa av Kristenretten!

Me vil med dette minna dykk på denne dagen, og kor viktig det er å koma saman til feiring! Slik disiplane var samla på ein stad og med eitt sinn på pinsedagen, er vårt håp og forventning at det same skal skje her på Moster søndag 19. mai!

Pinsestemnet blir starten på markeringa av Kristenretten som kom til Noreg, og då er det ikkje noko meir tydeleg og sterkt enn at Guds folk i Sunnhordland og Haugalandet kjem saman for å lovprisa og takka Gud for det han har gjort - og vil gjera i landet vårt!

Program

Denne dagen vil bli prega av Guds ord, mykje song og bønn.

- Me startar med eit flott Pinsemøte der Øystein Gjerme er hovudtalar og Sveinung Hølmebakk deltek med song
- Etter møtet står Cafe'en i Amfiet klar for sal av mat og ulikt for dei som ynskjer det
- Etter matpausen blir det ein panelsamtale med ulike gjester, der det blir reflektert over kva Kristenretten betyr for Noreg historisk og i dag. Nokre av gjestene som deltek i dette panelet er m.a. Øystein Gjerme (Leiar i Pinsebevegelsen), forfattar Ole Petter Erlandsen og skribent i Dagen Sofie Braut. Det vil også bli mogleg å koma med spørsmål til samtalen.
- Me avsluttar dagen på Vetahaugen med bønn for Noreg.

Dagsprogram - Moster Amfi

Pinsemøte	Kl. 11:00
Matpause	Kl. 12:30
Panelsamtale	Kl. 13:30-14:50
Bønn på Vetahaugen	Kl. 15:15-15:45.

Påmelding

Me har valt å ha påmelding gjennom Checkin.no for å sikra at de som kjem langvegsfrå kan vera garantert sitjeplass i Amfiet. Det kostar ikkje noko, men det vil bli kollekt for å dekkja kostnadene denne dagen.

Oppmøte for dei som har reservert plass på Checkin, er seinast kl. 10:45. Etter det vil det vera opna for dei som eventuelt ikkje har meldt seg på.

Pinsefest for barna (6-12 år)

Dette blir ein dag fylt med musikk, leik og andakt! Barna blir med på Pinsestevnet i Amfiet dei første 15 minutta, deretter felles marsj til Mini-amfiet. Arrangementet er tiltenkt born frå 6-12 år. Eigen påmelding via Checkin.no

Me håpar at de vil setja av denne dagen for at me saman kan markera og feira kva Herren har gjort for Noreg i 1000 år!

På vegner av **FelleSkristen komité for Moster 2024** ynskjer me dykk hjarteleg velkomne!

Om du ønskjer meir informasjon?

Kontakta sokneprest Aksel Lygre tlf. 918 07 024
aksel.lygre@bomlo.kommune.no



ØYSTEIN
GJERME



SVEINUNG
HØLMEBAKK



Ta bilde av denne koden, så kommer du rett til påmeldingen.